

## Arkiv sak 15/8187 - Strategisk plan for kysten –Oppsummering av fråsegner til Planprogram

Doknr	Høyringspart Kommunar, fylkesmann og	Oppsummering	deltaking	Kommentar
13 og 15	Vågsøy kommune	<p>Ordfører Kristin Maurstad stiller seg til disposisjon for å være med i fylkeskommunal arbeidsgruppe for planen.</p> <p>Vågsøy stadfester at dei vil budsjettere med kr. 128.000,- til dette planarbeidet i 2017.</p> <p>Kommunen har nedsett ei lokal arbeidsgruppe som lagar eit innspel til planprogrammet.</p> <p>Vågsøy kommune meiner at planprogrammet er utforma manglar den raude tråden og hovudmålet for arbeidet. Det bør vere ei betre forankring på hovudmål og innsatsområder før ein utarbeider planprogrammet. Arbeidsgruppa har likevel funne det rett å kome med nokre innspel til dette kapitlet. Med bakgrunn i dette er det difor ikkje funne rett å gjere mange endringar i kapittel 4 som omhandlar utgreiingstema. Dette kapitlet vil verte endra når mål og rammer for planarbeidet er fastsett. Det bør inviterast inn fleire aktørar for å peike ut målsettinga med planarbeidet. Både Nordfjord vekst AS, Fram Flora AS, Hafs utvikling AS, Gulen og Masfjorden utvikling AS, Måløy maritime group AS og liknande næringskonstellasjonar, Maritim foreining Sogn og Fjordane m.m., bør vere med i dette arbeidet.</p> <p>Arbeidsgruppa i kommunen har svært mange innspel som er skrive direkte inn i plandokumentet. Hovudpunkt er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• at planen skal legge tydelege føringar for arealbruksspørsmål</li> <li>• plangrepa for forvaltning av sjøområda må bli oppgradert til å bli tilnærma lik som for areal på land</li> <li>• framlegg til hovudmål: «Ein internasjonal kystregion som er attraktiv med folkevekst og sterk næringsutvikling og mange gjestande.»</li> </ul>	<p>Ja. Kr 128 000,- Personar: Ordførar Kristin Maurstad</p>	<p>Til kap. 6: Spørsmålet om organisering av prosjektet med styringsgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe er omtala samla i saksutgreiinga og omarbeidd i kap. 6 om prosess. Men det gode engasjementet frå kommunane må gje ein prosess der strategiane for kysten vert drøfta i eit samla fora der både ordførarar/den kommunen peikar ut og fylkespolitikarar deltek aktivt. Gruppa kan fungere som ei «strategigruppe», og det kan vere aktuelt å nytte seg av etablerte og nye fora som HAFS-utvikling og samarbeidet mellom kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje (som er under etablering hausten 2016.)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap. 1.1. og kap. 2.3. Planen skal ikkje vere ein arealbruksplan, men strategiane i planen skal kunne gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbruksspørsmål</li> <li>• Kap. 1.1. Det er ein føresetnad at plangrepa for forvaltning av sjøområda og landareal er tilnærma lik</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• planen må fange opp nødvendige infrastrukturtiltak for å utløyse viktige verdier i regionen og kople kysten av fylket opp mot Bergens- og Ålesundregionen</li> <li>• det er også gitt mange innspel på formuleringar i teksten generelt, nye delmål o.a.</li> <li>• foreslår å stryke begrepet «Kystkultur» og «Kystnæringane»</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap. 2. Framlegg til hovudmål er vurdert som konkret og godt og supplert med «berekraft».</li> <li>• Kap 4.1.3.1. og 4.2. Omgrepa vert omarbeidd. Omgrepet «Havrommet» vert omarbeidd til «Sjøen» ut i frå krav til klårt språk</li> <li>• Fleire mindre endringar/ formuleringar vert innarbeidd.</li> </ul>
14	Luster kommune	Luster har ingen innspel, då dei ikkje ligg på kysten.		t.e.
16 og 26	Flora kommune	<p>1. Flora kommune gjer fylkeskommunen honnør for å ha sett i gang dette arbeidet.</p> <p>2. Flora kommune ser at det er ein raud tråd i overordna plandokument, og at her er tenkt god samordning med til dømes Regional planstrategi, Regional verdiskapingsplan og Regional transportplan.</p> <p>3. Flora kommune meiner at planprogrammet slik det ligg føre er eit godt utgangspunkt for ein strategisk kystplan.</p> <p>4. Flora kommune viser til punkt 4.2.1 og meiner at omgrepet "havrommet" er brukt noko utydeleg. For havrommet gjeld fleire andre tema enn berre matproduksjon. Omgrepet Havrommet må tydeleggjerast.</p> <p>5. NTP har dei siste to periodane hatt større fokus på transport frå veg til sjø. Kysten av Sogn og Fjordane har fleire stamnetthamnar som kan nyttast til dette føremålet. Difor må det i ein strategisk plan for kysten også ver strategiar som tek i vare tilføreselveggar og samanbindingsveggar mellom desse vegane. Flora kommune forventar at slik satsing også bli teke i vare i regional transportplan slik at det blir samsvar mellom dei regionale planane.</p> <p>6. Flora kommune er i utgangspunktet positiv til å bidra med kr 204 000,- for 2017 som foreslått. Men endeleg vedtak må avvente til budsjetthandsaminga i desember 2016.</p> <p>Ei utfordring med dette planprogrammet er temaavgrensing. Men ein er i hovudsak einige om to viktige føringar: 1. Planen skal ikkje vere ein arealbruksplan, men den kan gje føringar for arealbruken. 2. Temaene skal vere kystrelaterte</p>	<p>Ja. Kr 204 000. Med føresetnad at summen vert vedteke inn i budsjett 2017. Personar: representant frå rådmannen</p>	<p>Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.</p> <p>Kap 4.2.1. Omgrepa vert omarbeidd. Omgrepet «Havrommet» vert omarbeidd til «Sjøen» ut i frå krav til klårt språk.</p> <p>Kap. 4.3.1 og 4.4.2. Vi må vise samanheng mellom NTP, Regional transportplan (RTP), ny regional plan for klimaomstilling og strategiar i denne planen: Fylkesrådmannen ynskjer å samordne strategiar og tiltak for tilførselsveggar og stamnetthamnar som kan gje utsleppsreduksjon og gje ein effekt for næringslivet. Utreingar av effektar av å få transport over frå veg til sjø koordinerast mellom denne planen og klimaplanen.</p> <p>Kap. 2.3. Til temaavgrensing: Denne uttalen, saman med fleire andre tek opp temaavgrensing og hovudpunkta som Flora nemner vil leggjast til grunn i avvegingane i</p>

				høve kva som vert vurdert som relevant i endeleg planprogram.
23	Askvoll kommune	<p>Askvoll kommunestyre handsama saka i møte 7. september 2017, sak 063/16 og gjorde slikt vedtak:</p> <p>«Askvoll kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeidd ein strategisk plan for kysten av Sogn og Fjordane. Framlegget til planprogram inneheld viktige tema som skal utgreiast og kommunen har ikkje merknader til innhaldet i planprogrammet.</p> <p>Askvoll kommune deltek i finansieringa av planprosessen med kr. 89.000,- i 2017, under føresetnad av dei andre kommunane sin deltaking og at kvar av kystkommunane får tilbod om plass i arbeidsgruppa.</p>	Ja. Kr 89 000,- underføresetnad at alle dei andre er med og at kvar kommune får plass i arbeidsgruppa.	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.
24	Fjaler kommune	<p>Fjaler kommunestyre gjorde i sak 081/16 slik samrøystes vedtak:</p> <p>Fjaler kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeidd ein strategisk plan for kysten av Sogn og Fjordane. Framlegget til planprogram inneheld viktige tema som skal utgreiast og kommunen har ikkje merknader til innhaldet i planprogrammet. Fjaler kommune deltek i finansieringa av planprosessen med kr. 86.000,- i 2017, under føresetnad av dei andre kommunane sin deltaking og at kvar av kystkommunane får tilbod om plass i arbeidsgruppa.</p>	Ja. Kr 86 000. Underføresetnad at dei andre kommunane deltek og at kvar av kystkommunane får plass i arbeidsgruppe.	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.
27	Hyllestad kommune	<p>Formannskapet har i møte 08.09.2016 gjort slikt vedtak: 1. Hyllestad kommune vedtek å delta i arbeidet med utarbeiding av regional strategisk plan for kysten.</p> <p>2. Hyllestad føreslår at det i tillegg til ein frå regional stat, ein frå fylkesmannen (plansjefen) og prosjektleiar er tre representantar frå kommunane - ein frå Nordfjord, ein frå Florø og ein frå Hafs.</p> <p>3. Hyllestad kommune føreset finansiering av Fylkeskommunen, subsidiert etter folketal.</p>	Ja. Har føresetnad om finansiering frå fylkeskommunen, subsidiert etter folketal.	<p>Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.</p> <p>Finansieringss spørsmålet, grunna svara frå Hyllestad og Selje må løysast etter vedtak av planprogrammet, men er spørsmålet er med i saksutgreiinga.</p>
34	Selje kommune	<p>KS- 054/16 Vedtak: Selje kommune sin Høyringsuttale til strategisk plan for kysten 2017-2025 for Sogn og Fjordane</p> <p>Plangruppa har fokusert på punkta: 4.1.3, 4.2.1,4.2.2,4.2.3, 4.2.4, 4.2.5. Ein generell vurdering: 1. Planprogrammet for strategisk plan for kysten er ein god start på eit viktig arbeid for kystkommunane i Sogn og Fjordane. 2. Planprogrammet og det vidare arbeidet bør forankrast i næringslivet i regionen som kjenner kor utfordringane og potensialet ligger. 3.</p>	Ja. Har ikkje finansiering. Gunnar Silden og ordføraren.	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale. Finansieringss spørsmålet, grunna svara frå Hyllestad og Selje må løysast etter vedtak av planprogrammet, men er spørsmålet er med i saksutgreiinga.

		<p>Planprogrammet manglar heilskapen og samanhengane mellom ulike tiltak og kva mål har vi for dette arbeidet. 4. Selje kommune velger Gunnar Silden som vår representant i det vidare arbeidet og ordføraren vert knytt opp til arbeidet der det er naturleg.</p> <p>Oppsummering:</p> <p>Punkt: 4.1.3 Bruk og vern av strandsona: 100- metersbelte bør kraftig oppmjukast. Grensa som er i dag er til hinder for utvikling av busetting og næringsutvikling. Regelverket må fange opp dei ulike nærings-/busetnadsmønster i Noreg.</p> <p>Punkt: 4.2.1 Produksjon av mat og andre produkt: For å møte den utfordringa som nye konsesjonar vil krevje av kystsoneplana i den enkelte kommune, må ein tenke nytt når det gjelder inndeling av akvakulturområde, for tang og tare, for låssetting mm. Utvikle industriområder, med vegtilkomst, som har tilknytning til sjø og tilkomstveier til slike områder.</p> <p>Punkt: 4.2.2 Energi. Selje kommune har store områder med gunstige forhold for utbygging både for vind og bølgekraft. Har hatt i gang prosjekt for bølgeenergi, og det er viktig at vi kartlegger slike områder langs kysten for framtida.</p> <p>Vindmølleparken på Okla er kome langt.</p> <p>Punkt: 4.2.3 Kompetanse, mm: Kysten har mange kompetansebedrifter innan fiske, havbruk, sjøfrakt, servicenæringa for sjø, verftsindustri, vidareforedling av sjømat, skipsdesign, e.tc.</p> <p>Punkt: 4.2.4 Reiseliv. Svar: her må det i større grad leggjast til rette og utvikle infrastrukturen. Prøve å unngå konflikter mellom nye næringar og den gamle kyst-bonde kulturen.</p> <p>Punkt: 4.2.5 Maritime næringar og teknologi: Utviklinga av arbeidsplassar blir hemma av dårlig utbygd infrastruktur som smale/lågstandard på veier og tilknytning til større flyplass. Betre utbygd næringsområde med tilknytning til sjø vil gje område tilføring og utvikling av nye viktige arbeidsplasser med tilknytning til dei maritime næringane.</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>Kap. 6. Fylkesrådmannen må vurdere korleis vi kan få høyrte alle relevante partar og interessentar i prosessen og oppmode kommunane om å medverke til dette. Dette kan også gjerast gjennom lengre høyringsperiodar og med fleire organiserte møtepunkt/møter undervegs.</li> </ul> <p>Planprogrammet skal vere «oppskrifta» for utgreiingar og leie fram mot utforminga av sjølve strategiane, jamfør Plan- og bygningslova § 4-1.</p> <p>Selje har svart på punkta 4.1.3, 4.2.1,4.2.2,4.2.3, 4.2.4, 4.2.5. som skal utgreiast. Sidan planprogrammet ikkje er endeleg vedteke, tek vi med oss Selje sitt svar inn i det vidare arbeidet, som ein del av kunnskapsgrunnlaget, men har innarbeidd nokon av omgrepa i planprogrammet.</p>
35	Bremanger kommune	<p>Bremanger formannskap behandla saka i møte den 15.09.2016, sak FSK-93/16. Det vart gjort slikt vedtak:</p> <p>1. Bremanger kommune deltek i arbeid med regional strategisk plan for kysten 2017-2025. 2. Bremanger si del av planarbeidet i 2017, kr. 150.000,-, vert belasta kto. 251 5032 næringsfondet.</p>	Ja. Kr 150 000,-	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.

30	Gulen kommune	<p>Vedtak KOM sak 060/16 «Gulen kommune deltek i strategisk plan for kysten 2017-2025, og set av kr 80.000,- til arbeidet. I budsjettet for 2017 må det setjast av ressursar til planarbeidet.»</p> <p>Gulen kommune deltok på eit arbeidsmøte i Solund den 23.05.2016. Der var alle kystkommunane samla, dei fleste med representantar både frå administrativt og politisk nivå. Målet med møtet var todelt; drøfte interessa for å gjennomføre ein planprosess, samt gjennom arbeidsgrupper komme med innspel til eit planprogram.</p> <p>I framlegg til planstrategi for Gulen kommune ligg det som framlegg frå administrasjonen at vi skal prioritere å delta i utarbeiding av ein kystplan. For Gulen kommune med si strategisk viktige plassering på kysten er det viktig å kartlegge potensialet. Administrasjonen sine innspel til planprogram vart gjeve i arbeidsmøtet den 23.05 og er ivareteke i det planprogrammet som no vert lagt fram.</p>	Ja. Kr 80 000,-	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.
36	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<p>Fylkesmannen (FM) kommenterer til Kap 1 og 2 at det er viktig at målet og ønske effektar kjem tydeleg fram i planprogrammet, og at strategiane som skal utarbeidast så langt som mogleg peikar på kva som skal gjerast for å nå måla. Strategiane må utformast innafør rammene av nasjonal politikk og sikre berekraftig bruk av kystareala. Fylkesmannen meiner det er noko uklart kva form strategiplanen skal ha, om arbeidet skal munne ut i politiske strategiar for kva som skal gjerast for m.a. å løyse ut verdiskapingspotensialet på kysten, eller om det også skal utarbeidast konkrete retningslinjer som skal leggst til grunn for ei heilskapleg arealplanlegging i den enkelte kommune.</p> <p>Det er sagt i planprogrammet at planen ikkje legg opp til å gå inn i arealbruksspørsmål, jf. kap. 1.1. Samtidig er det sagt i kap. 2.1. at planen bør legge tydelege føringar for arealbruksspørsmål. I Kap 1.1. er det også sagt at på strategisk nivå må vi likevel ha forventningar om at det vert lagt føringar innan enkelttema. Ei løysing er at arbeidet med strategiplanen avgrensast til overordna strategiar og føringar for framtidig utarbeiding av retningslinjer i den regionale planen for arealbruk (startast i 2018).</p>		<p>Fylkesmannen dreg her opp nokre viktige spørsmål.</p> <p>Kap. 1.1. og 2.3. Planen skal ikkje vere ein arealbruksplan, men strategiane i planen skal kunne gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbruksspørsmål</p> <p>Kap. 2.3 om avgrensing av planen. Tema skal vere kystrelaterte.</p> <p>Sjå også kommentar til fråsegn frå SIS og Vågsøy.</p>

	<p>Oppdaterte overordna arealplanar er generelt så viktig, at det bør trekkjast fram som ein eigen strategi for å nå måla om verdiskaping og vekst på kysten. Dette gjeld spesielt i høve avklaringa av område for akvakultur der det er viktig, for å få til ein berekraftig vekst i næringa. Eit viktig spørsmål er korleis vi kan styrke planarbeidet i kommunane. FM er samde i at det gjennom strategiarbeidet må vurderast kva problemstillingar og potensiale som er spesifikt for kysten, samanlikna med fylket elles.</p> <p>Kap 3 Fylkesmannen føreslår å leggje inn ei lenkje til kvart av dei overordna dokumenta og meiner det er viktige dokument, eventuelt i tillegg til ei heilt kort omtale, slik at dokumenta i heilskap blir lett tilgjengelege gjennom planprogrammet.</p> <p>Kap 4. Kunnskapsgrunnlaget og plantema Sidan det ikkje er konkludert med om strategiplanen skal avgrensast til overordna strategiar eller også skal ta opp arealbruksspørsmål og munne ut i retningslinjer for arealbruk, har vi ikkje gått djupt inn i temane no. Vi kjem tilbake med innspel etter behov undervegs i prosessen. Kommenterar til tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Både landskap og friluftsliv bør inn som eigne tema om kunnskapsgrunnlaget, sidan dette er viktige omsyn å legge til grunn for ei berekraftig næringsutvikling på kysten.</li> <li>• Vi meiner at landbruk bør vere tema og nemnast i denne planen. I planprogrammet under punkt 3.7.4 er det vist til Regional plan for verdiskaping, der landbruk er ein av bransjesatsingane.</li> <li>• For tema bruk og vern av strandsona, viser vi til statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona der det er utarbeidd eigne retningslinjer for arealplanlegging og bygging i område med mindre press.</li> <li>• For tema naturmangfald og verneverdiar: Samtidig med at det blir utforma strategiar for vekst og utvikling av næringane på kysten, vil det vere viktig å utforme strategiar for å sikre biologisk berekraftig bruk av ressursane, og aktuelle arealbrukskonfliktar må då omtalast og vurderast.</li> <li>• E-kom og sårbare område: kartlegging med framskrivingar knytt til sårbare område må følgjast opp med strategiske</li> </ul>	<p>Kap. 2.2., sjå kulepunkt om heilskapleg og samordna arealplanlegging. Fylkesrådmannen støttar drøftinga av at overordna arealplanar kan vere ein overordna strategi for å nå måla om verdiskaping og vekst på kysten og tek dette vidare med i utforminga av sjølve planen.</p> <p>I kap. 3 vil det verte gjeve kort omtale og lenkje til kvart av dei overordna dokumenta, slik at dokumenta i sin heilskap vert tilgjengelege gjennom planprogrammet. Sjå også kommentar til Fiskeridirektoratet.</p> <p>I kap. 4 vert tema som er relaterte til kysten med.</p> <p>Kap. 4.4.2 Landskap er knytt til tema naturmangfald</p> <p>kap. 4.2.5. friluftsliv knytt til reiseliv på kysten.</p> <p>Nytt kap.4.2.6 Landbruket vert vurdert til å ha ein så pass spesifikk samanheng med andre tema som er direkte relatert til kysten, innanfor blant anna naturmangfald/spesielle naturtypar og reiseliv.</p> <p>Kap. 4.1.3. Bruk og vern av strandsona – statlege planretningslinjer er ein av dei overordna føringane.</p> <p>Kap. 4. Omtale og drøftingar av interessekonfliktar og overordna arealbrukskonfliktar bør prioriterast, også med bruk av ressursar i planarbeidet.</p>
--	--	--

	<p>føringar for kva ein ønskjer som målsetjing, for å sikre eit godt framtidig dekningstilbod langs kysten.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det kjem ikkje tydeleg fram av planprogrammet om utfordringar knytt til infrastruktur for straum skal vurderast sjølvstendig.</li> <li>• Dei forventa framtidige klimaendringane vil truleg få store konsekvensar langs kysten, som mellom anna havnivåstiging, havforsuring og hyppigare ekstremvær. Vi meiner det er viktig at omsynet til klimaendringar blir eit gjennomgåande tema i strategien.</li> <li>• Det er viktig å løfte fram dei trygggleiksutfordringane ved kystområda som skil seg frå resten av fylket. Ein slik strategi bør innehalde føringar for korleis ein skal sikre trygge kystsamfunn.</li> </ul> <p>Kap 5 Utgreiing og metode. FM vil kome med nærare innspel til kunnskapsgrunnlaget og kva som bør utgreiast undervegs i arbeidet/kva som er behovet. Naturbasen er ei viktig kjelde til kunnskap og føreslår å ta slike kunnskapsdatabasar med i opplistinga av eksisterande kunnskapsgrunnlag. NIVA og HI, på oppdrag frå MDIR, arbeider med marin naturtypekartlegging i fylket. Vi føreslår at midlar som er sett av til utgreiing blir brukt til å vurdere arealbrukskonfliktar, som t.d. mellom vekst i oppdrettsnæringa og villfisk, verneområde og andre allmenne interesser.</p> <p>Kap. 6 Prosess og medverknad Fylkesmannen ønskjer å bidra meir detaljert inn strategiarbeidet etter behov innafor våre fagområde, og mest det som er knytt opp til føringar for arealbruken. Vi ønskjer å vere med i aktuelle temagrupper innafor våre ansvarsområde, og elles bidra i utarbeidinga av ein god strategiplan som kan bidra til å utnytte potensialet for vekst på kysten. Vi vil samtidig legge vekt på arbeidet med å utforme strategiar som sikrar at utviklinga skjer innafor ei biologisk berekraftig ramme.</p> <p>Vi stiller spørsmål til om framdriftsplanen bør justerast noko for å gje tid til breid involvering og eventuelle utgreiingsarbeid undervegs i prosesseemn.</p>		<p>Kap. 4.3.2. Infrastruktur for straum vert dekkja av andre plan- og utgreiingsarbeid, som FM peikar på.</p> <p>Kap. 4.4.2. Klimaendringar og klimaomstilling vil ha eit grensesnitt mot regional plan for klimaomstilling som vert arbeidd med parallelt.</p> <p>Kap. 4.5. Beredskap og kriser er eit eige tema som skal basere seg på overordna ROS-analyser</p> <p>Når det gjeld vurderingar av overordna arealbrukskonfliktar m.m. visast det til kommentar ovanfor.</p> <p>Kap. 6. Fylkesmannen vert invitert inn i arbeidsgruppe/referansegruppe og eventuelle temagrupper undervegs.</p> <p>Kap. 6. Framdriftsplanen vert harmonisert med anna planarbeid og for å sikre medverknad og tid til utgreiingar.</p>
--	--	--	---

39 og 41	Solund kommune	FOR-056/16 Vedtak i: Solund kommunestyre ser det som positivt at det vert utarbeidd ein strategisk plan for kysten av Sogn og Fjordane. Framlegget til planprogram skildrar viktige tema som skal utgreiast og Solund kommune har ikkje særlege merknader til innhaldet i planprogrammet. Solund kommune tek del i finansieringa av planprosessen med kr 60 000,- i 2017, under føresetnad av deltaking frå dei andre kommunane i samarbeidet.	Ja. Kr 60 000,- under føresetnad av deltaking frå dei andre kommunane.	Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale.
37	HAFS-regionråd	<p><b>Melding om vedtak i sak 21/16 – Strategisk plan for kysten – drøfting av planprogrammet</b></p> <p>Kommunane er høyringsinstans for innspel til planprogrammet og høyringsfristen er sett til 15. september i år.</p> <p>Regionrådet har inga direkte formell rolle i høve til dette planarbeidet. Arbeidet omfattar likevel politikkområde der regionrådet i dag både er direkte og indirekte engasjert. Dette gjeld regionalt utviklingsarbeid i medhald av samarbeidsavtalen om bruk av RUP-midlar, men dei to utviklingsorganisasjonane GMU og HAFS Utvikling AS sine strategiplanar er også fellesstrategiar som vil vere berørte av ein strategisk plan for kysten.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <p>HAFS Regionråd ser det ikkje naudsynt å sende inn høyringsfråsegn på toppen av kommunane sine innspel på dette tidspunktet i planprosessen. Regionrådet si rolle framover vil vere å fungere som ein drøftingsarena for dei planutfordringane som måtte vere felles for HAFS-området. Grunnlag for slike drøftingar vil vere innspel frå den einskilte HAFS-kommune eller frå dei to utviklingsorganisasjonane, Gulen og Masfjorden Utvikling og HAFS Utvikling.</p>		Sjå omtale av organisering i kommentarane til Vågsøy sin uttale. Der også deltaking frå HAFS regionråd m.fl. kan verte aktuelle i temagruppe.
	<b>Samarbeid i Sunnfjord (SIS)</b>	SIS er positiv til at det blir sett i gang eit arbeid for ein strategisk plan for kysten. Ei samordna strategisk satsing for kysten vil styrke næringsliv, busetting og kommunikasjonar i heile regionen, også dei indre delane av Sunnfjord. SIS ser at det er ein raud tråd i overordna plandokument og dokumentet samsvarer godt med Regional planstrategi, Regional verdiskapingsplan og Regional transportplan. SIS meiner vidare at planprogrammet slik det ligg føre er eit godt utgangspunkt for ein strategisk kystplan. SIS meiner likevel at omgrepet "havrommet" er brukt noko		Kap. 4.3.1 og 4.4.2. Vi må vise samanheng mellom NTP, Regional transportplan (RTP), ny regional plan for klimaomstilling og strategiar i denne planen: Fylkesrådmannen ynskjer å samordne strategiar og tiltak for tilførselsveggar og stamnetthamner som kan gje utsleppsreduksjon og gje ein effekt

		<p>uklart. For havrommet gjeld fleire tema enn berre matproduksjon. SiS er òg oppteken av at strategien sikrar transport frå veg til sjø gjennom å ta vare på tilføreselveigar og samanbindingsveigar knytt til stamnetthamnar. SiS ser på arbeidet med ein eigen strategisk plan for kysten som ein eineståande sjanse til å få ein meir samla og heilskapleg politikk både når det gjeld felles forvaltning av dei store ressursane og å skape vekst og utvikling langs kysten. utfordringa er å meisle ut ein tydleg politikk som det både er semje om og som gir grunnlag for vekst.</p> <p>SIS er i hovudsak einige om to viktige føringar:</p> <p>1. Planen skal ikkje vere ein arealbrukssplan, men den kan gje føringar for arealbruken. 2. Temaene skal vere kystrelaterte.</p> <p>SIS meiner lista over utgreiingstema er dekkande for det som er viktige å greie ut. NTP har dei siste to periodane hatt større fokus på transport frå veg til sjø. Kysten av Sogn og Fjordane har fleire stamnetthamnar. Difor må ein strategisk plan for kysten også sikre strategiar som tek vare på tilføreselveigar og samanbindingsveigar til og mellom hamnene våre. Dette må igjen samsvare med regional transportplan (RTP).</p>		<p>for næringslivet. Utgreiingar av effektar av å få transport over frå veg til sjø koordinerast mellom denne planen og klimaplanen.</p> <p>Kap. 1.1. og 2.3. Planen skal ikkje vere ein arealbruksplan, men strategiane i planen skal kunne gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbruksspørsmål</p> <p>Kap. 2.3. Denne uttalen, saman med fleire andre tek opp temaavgrensing: Tema skal vere kystrelaterte.</p>
	<b>Offentlege mynde og andre</b>			
17	Avinor	<p>Avinor ser at Florø lufthavn og flytrafikk ikkje er omtala i planprogrammet, og meiner at dette bør takast med i det vidare planarbeidet. Samferdselstilbodet på kysten må vidareutviklast, slik at buss/båt/fly vert koordinert, så næringslivet på kysten får eit koordinert tilbod, og med tanke på offshoreaktivitet. Florø lufthamn er den einaste lufthamna som ligg på kysten mellom Ålesund og Bergen. Avinor har i samferdsleetatane sitt grunnlagsdokument til NTP 2018-2029 kommentert at det er behov for utviding/oppgradering av terminal- og driftsbygg ved Florø lufthamn.</p>		<p>Kap. 4.3.1. Formulering om av effektivitet, nytte for næringslivet og eventuelle miljøeffektar av gjennomføring av prosjekt/tiltak vert vurdert. Temaet samordnast med arbeidet i regional transportplan (RTP).</p>
18	Direktoratet for mineralforvaltning	<p>Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til si fråsegn til regional planstrategi i mars at behovet for ein plan for mineralressursar burde vurderast. DirMin viser til nasjonale forventningar til at «Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng».</p> <p>Gjennom god planlegging kan kommunane og regionen skaffe seg oversikt over kor langt fram i tid eksisterande råstoff utvinningsområder dekker behovet for</p>		<p>Kap. 1 og 2.3. Fylkesrådmannen vurderer innspelet som ei svært relevant vurdering frå fagmynde, men meiner at arealbruksføringane her er så konkrete at dei vil høyre heime i regional plan for arealbruk og dei er ikkje kystspesifikke. Men likevel må strategiane i høve heilskapleg arealplanlegging også ta</p>

		<p>byggeråstoff, og sikre areal for framtidig bruk av dei mest aktuelle mineralførekomstane.</p> <p>DMF ser av planstrategien at mineralske ressursar er tenkt som tema i to nye planar for «arealbruk» og «klima og miljø» — det ser vi positivt på da det er viktig å avklare arealbrukskonfliktar. Etter vårt syn bør fylkeskommunen likevel vurdere om det er i desse og/eller i denne strategiske planen vil vere mest naturleg å gjere greie for t.d. etablerte og aktuelle uttaksområder, volum på førekomstane, utfordringar i høve til arealplanlegging for dermed å kunne analysere og legge ein strategi for framtidig verdiskaping, arbeidsplassar og langsiktig drift av dei mineralske ressursane .</p> <p>Gjer merksam på NGU sitt notat av 11. november 2010, om mineralressursar og verneverdige lokaliteter i fylket <a href="http://docplayer.me/7704154-Mineralressurser-og-verneverdige-lokaliteter-i-sogn-og-fjordane.html">http://docplayer.me/7704154-Mineralressurser-og-verneverdige-lokaliteter-i-sogn-og-fjordane.html</a></p>	<p>opp i seg utfordringar og interesseavvegingar i høve det reelle behovet for byggeråstoff og mineralske ressursar i framtida, og eksisterande næringar/arbeidsplassar.</p>
19	Fylkesrådet for eldre	<p>Fylkesrådet for eldre hadde fylgjande uttale i møte 6. september 2016, til strategisk plan for kysten:</p> <p>«Fylkesrådet har ikkje noko uttale til planprogrammet, og ser at det kan vere meir interessant når det er konkrete planar til uttale. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet».</p>	<p>Dette vert teke t.e.</p>
20	NVE	<p>NVE har ingen merknader</p>	<p>Dette vert teke t.e.</p>
22	Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum	<p>Bergens Sjøfartsmuseum registrera at kulturminne ikkje er med i planprogrammet utover i pkt. 3.1.3. I det meste av ny næringsutvikling som involvera fastinstallasjonar eller større inngrep i havbotn vil forholdet til marine kulturminne måtte vurderast. Det gjeld med andre ord ikkje bare havbruksnæringa.</p> <p>Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegn til Kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.</p>	<p>Så lenge planen ikkje har direkte arealmessige konsekvensar vert informasjonen teke t.e. Strategiane i høve heilskapleg arealplanlegging også ta opp i seg utfordringar og interesseavvegingar, også om dette tema.</p>
25	Kystverket	<p>Kystverket ynskjer særleg å peike på følgjande overordna mål</p> <p>□ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. "En økt satsing på en konkurransedyktig godstransport og en berekraftig transportmiddelfordeling er nødvendig. Det er et nasjonalt mål at en større andel av godstransporten skal skje på sjø og jernbane. Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige Myndigheter har ansvar for at godsterminaler og havner prioriteres i planlegginga..."</p> <p>□ I dei statlege planretningslinene står det under punkt 4.2.: "Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løsninger, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima- og miljøvennlige transportformer." Vidare går det fram i punkt 4.6.: "Effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for næringstransport må vektlegges i planleggingen..."</p>	<p>Kap. 3 og 4.3.1. Fylkesrådmannen tek inn hovudbodskapen frå Kystverket i høve deira ansvarsområde og vil også samordne dette med RTP, sjå også omtale av innspel frå Flora kommune og SIS.</p>

		<p>□ I nasjonal hamnestrategi er målsettinga effektive og konkurransedyktige logistikknutepunkt. Regjeringa satsar mellom anna på styrking av stamnetthamneregimet samt å leggje til rette for sterkare og meir robuste hamner gjennom hamnesamarbeid.</p> <p>□ I Meld.st.35 "på rett kurs", som kom i juni 2016 støttar opp under det ovannemnde og legg også vekt på en effektiv beredskap mot akutt forurensning og avgrensing av miljøskade.</p> <p>Prognosa for utvikling i skipstrafikken fram mot 2040 tilseier ei auke i utsegla distanse på 41 %. Når det gjeld havbruksnæringa er dette ei næring i sterk vekst og Kystverket ser at anlegga vert større og plassert ut i meir eksponerte sjøområde. Dette fører til stadig større utfordringar i forhold til skipstrafikk langs kysten vår. Kystverket ynskjer å finne løysingar som ikkje er i konflikt med sikkerheit og framkomelegheit i farleiene. Me ynskjer at desse forholda vert omsyntatt som ein del av dei generelle føringane for produksjon av mat og andre produkt i havrommet.</p>	<p>Kap. 4. – 4.2.1. og 4.3.1. Som ei følgje av utgreiingane og analyse bør eventuelle interessekonfliktar mellom bl.a. havbruksnæringa og skipstrafikken drøftast.</p>
28	Kystvegen Bergen-Ålesund	<p>Kystvegen Ålesund-Bergen ser positivt på at fylkeskommunen har sett i gang dette arbeidet, og meiner at planprogrammet slik det ligg føre er eit godt utgangspunkt for ein strategisk kystplan.</p> <p>Framlegget til planprogram inneheld særskilte viktige tema som skal utgreiast , og Kystvegen har nokre få merknadar/kommentarar til innhaldet i planprogrammet. Kystvegen vil knyte saman ein fragmentert region og bidra til å skape grunnlag for ei meir positiv utvikling i samfunn og næringsliv, og må derfor ha en sentral plass i arbeidet med ein strategisk plan for kysten.</p> <p>Kystvegen sin funksjon iht. punkt 4.2 kystnæringane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Legge ein infrastruktur som gjer kystregionen i stand til å utnytte havrommet, som blir vår viktigaste ressursbase i framtida.</li> <li>-Kople kystregionen med nasjonalt viktige næringsklynger: Bergen – Nordhordland (Mongstad) Lutelandet/Florø/Måløy – Søre Sunnmøre</li> <li>-Tilførselsveggar til hamnene på Kysten (Stamnettshamner: Bergen-Mongstad-Florø - Måløy – Ålesund). Gode tilførselsveggar er ein føresetnad for konkurransedyktig sjøtransport, rasjonell hamnestruktur, spesialisering og hamnesamarbeid.</li> <li>-Kysten som reiselivsdestinasjon</li> <li>-Bidra til folkevekst gjennom å kople saman til fleire felles bu- og arbeidsområde.</li> </ul>	<p>Innspela vert teke med i det vidare arbeidet og teksten i planprogrammet vert vurdert styrka i høve dei 5 punkta som vert framheva.</p>
29	Statens vegvesen region vest	<p>Forslag til planprogram for Strategisk plan for kysten 2017 - 2025 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser ut til å ha med seg alle relevante utgreiingstema. Vi merkar oss at det er tatt med omtale av Kystvegen og meiner at det er viktig og rett at dette tema er med.</p> <p>Statens vegvesen vert gjerne med i vidare samarbeid med Strategisk plan for kysten for å gje informasjon på dei områda vi har ansvar for.</p>	<p>Dette vert teke t.e.</p>

31	Ungdoms politisk utval	<p>Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- For å sikre og legge til rette for direkte innspel frå ungdom/ungdomsråd i dei aktuelle kommunane bør det utformast eit eige opplegg, heller enn å kun leggje fram sjølve strategien. Det kan vere føremålsteneleg å arrangere eit direkte møte med ungdomen.</li> <li>- Omdømme til kystområda kan styrkast gjennom god og appellerande informasjon om tilbod og moglegheiter. Dette trur vi vil føre til at fleire unge vil flytte (heim igjen) til kommunane.</li> <li>- Kystrelatert næringsutvikling er viktig, og gjennom ungt entreprenørskap kan ein få kontakt med og informasjon til ungdomen.</li> </ul>	<p>Kap. 6. Fylkesrådmannen vurderer å legge inn i prosessen eit eige møte med ungdommen.</p> <p>Kap. 2.2. Delmåla peikar på prosessar og samfunns mål som vil betre omdømmet.</p>
32	Fiskeridirektorat	<p>Fiskeridirektoratet region Vest (FRV) ser sers positivt på arbeidet med ein strategisk plan for kysten. Vi føreset av våre innspel til planprogrammet vert tekne til følgje, og stiller oss disponible til å delta i arbeidsgruppa for denne planen.</p> <p>Punkt 2.1. - om avgrensing; Planprogrammet må vere klårt på kva ein meiner med «tydelege føringar for arealbruksspørsmål» Vi foreslår at ein vel å utforme tydelege føringar/retningslinjer for korleis fylket vil imøtekomme regjeringa si forventning om vekst i havbruksnæringa.</p> <p>Punkt 3.5. om Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring og punkt 3.6. om Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett; Her kan ein slå saman desse to punkta og nemne dokumenta etter kvarandre. Forslag til nytt punkt, der teksten er henta frå innleiinga i berekraftstrategien, følgjer; Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring (2009).</p> <p>Her vert det då naturleg å vise vidare til Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett; som følger opp denne strategien.</p> <p>Det bør tas inn eit nytt punkt 3.6. om Strategi for kystbasert reiseliv (2008 – 2011). Forlag til tekst; «Hovudmålet i denne strategien er eit betre samarbeid mellom fiskeri- og havbruksnæringa og reiselivsnæringa....»</p> <p>4.2. Kystnæringane, punkt 4.2.1. Havrommet – produksjon av mat og andre produkt. Vi meiner at omgrepet Havrommet ikkje er eit godt omgrep for å skildre produksjonsområda for sjømat i våre kyststrok, og ynskjer at dette punktet får ny tittel. Vårt forslag er kort og godt Sjømat, det står seg betre i lag med dei andre korte titlane under punkt 4.2. om kystnæringane, slik som delpunkt 4.2.2. Energi og 4.2.4. reiseliv. Vi ber òg om at det vert gjort greie for miljøutfordringar innanfor alle</p>	<p>Kap. 6. Fylkesrådmannen ynskjer å ta vare på det gode engasjementet, med FRV sin deltaking i referansegruppe, evt. temagruppe.</p> <p>Kap. 1.1. og 2.3. Planen skal ikkje vere ein arealbruksplan, men strategiane i planen skal kunne gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbruksspørsmål</p> <p>Kap. 2.3. Denne uttalen, saman med fleire andre tek opp temaavgrensing: Tema skal vere kystrelaterte.</p> <p>Kap. 3 Det er gjeve ein kort omtale og lagt inn lenkje til kvart av dei overordna dokumenta, Sjå også kommentar til Fylkesmannen. Framlegg om nytt pkt. 3.6 Strategien vert ikkje nemnt serskilt i overordna føringar.</p> <p>Kap 4.2.1. Omgrepa vert omarbeidd. Omgrepet «Havrommet» vert omarbeidd til «Sjøen» ut i frå krav til klårt språk. Sjømat dekkjer ikkje anna biologisk produksjon.</p> <p>Kap. 4 og 4.4.2. Miljøutfordringane både i sjøen og på land bør kome</p>

		<p>næringsgreinene, ikkje berre for sjømat og maritime næringar. Det fysiske arealet som vert brukt i sjømatnæringane bør synleggjerast eller gjerast greie for.</p> <p>4.3. Samferdsle, punkt 4.3.1. På land og til sjøs. Her må det tas med transportbehov for godstrafikk i tillegg til persontrafikk.</p> <p>Kap. 5 Dokumenta som er nemnde tidlegare i planprogrammet gjev eit viktig kunnskapsgrunnlag til planarbeidet, i tillegg meiner vi at Havforskinga si årlige risikovurdering av norsk fiskeoppdrett, og deira Spredningsmodell for lakselus bør vere ein del av kunnskapsgrunnlaget. Det fins òg mykje god informasjon i vårt kartverktøy på <a href="http://kart.fiskeridir.no">http://kart.fiskeridir.no</a>.</p> <p>Kap. 6. Fiskeridirektoratet region Vest vil gjerne vere ein del av arbeidsgruppa som er planlagt og deltek òg i temagrupper der vi er naturlege samarbeidspartnarar.</p>	<p>fram og drøftast som ei interessekonflikt i utforming av strategiar.</p> <p>Kap. 4.3. Transportbehov for godstrafikk vert teke med i pkt. 4.3.1. og det visast elles til samordning med RTP-arbeidet.</p>
33	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	<p>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok fylgjande uttale i sak 14/2016 – strategisk plan for kysten 2017 – 2025 i møte 15. september:</p> <p>«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Det er viktig med brukarmedverknad gjennomgåande i heile prosessen. Vi er oppteken av at planen i alle fasar tek i vare universell utforming».</p>	<p>Kap. 6. Fylkesrådmannen må vurdere korleis vi kan få høyrte alle relevante partar og interessentar i prosessen og oppmode kommunane om å medverke til dette. Dette kan også gjerast gjennom lengre høyringsperiodar og med fleire organiserte møtepunkt/møter undervegs.</p>
38	Mattilsynet	<p>Mattilsynet ynskjer å verte orientert i prosessen vidare.</p>	<p>Fylkesrådmannen tek Mattilsynet inn på lista over høyringspartar.</p>